

TINGENES TILSTAND

EIN RAPPORT FRÅ GRENSELANDET MELLOM DESIGN OG KUNSTHANDVERK

Idiots: «Ophelia», 2005.
Utstoppa løve, gulfarga keramikk.



Idiots (Afke Golsteijn, Floris Bakker og Ruben Taneja): «Hyperallergenique», 2005. Utstoppa harehovud, broderi.



Nasjonalmuseet i Oslo arrangerer i sommar ei utstilling i Kunsthallen på Tulinlokka som dei har gitt namnet «Tingenes tilstand». Kurator har vore Stina Högvist. Ny design ønskete museumsleinga ei utstilling om, og hennar val blei å retta merksenda mot den delen av dagens design som ikkje handlar om masseproduksjon og forbrukaranalyse, men som meir liknar på produksjonsmåten til kunsthandverket. Difor blei det naturleg å trekka inn kunsthandverk i utstillinga og lata heile dette flytande feltet vera utgangspunktet. Gjenbruk og resirkulering er sentrale stikkord for mange av deltakarane, felles er også at dei stiller spørsmål til dei ulike fagområdene tradisjonar, smakshierarki og fastlåste forestillingar om korleis tinga skal vera og kva dei skal brukast til.

Udstillinga går føre seg i Norge, men dei fleste deltakarane kjem frå andre land. Blikket utanfrå møter oss allereie på invitasjonskort, katalogframside og flagget utanfor Kunsthallen, der Åbäke (namnet er svensk og tyder noko stort, klumpete og klossete), som er ei gruppe med base i London, har tatt utgangspunkt i sine eigne forestillingar og fordomar om Norge. Flagget som markerer territorium og nasjonalitet rommar referansar til alt frå fjord, olje, Edvard Munch (Aula-sola) til Abba-Frida, Black Metal og vikingar, for å nemna noko.

Åbäke er namnet på ei gruppe, og namna på deltakarane fortel si eiga historie: Uglycute, Lagombra, Extrastruggle, Temp, Revolution on Request (ROR), 3rd Hand og Idiots fortel om noko som er både og, eller i mellom, eller ikkje heilt tar stilling eller lar seg plassera og som i alle fall ikkje vil ta i bruk retorikken til smarte design- og reklamebyrå. Det tvetydige som namna opnar for, er gjennomgåande i objekta og installasjonane på utstillinga. Kin-Wah Tsang, som bur i

Hong Kong, kan tena som døme. Han har tidlegare vekt stor oppsikt med tapetar som tilsynelatande tar fatt i arven frå arts and crafts-tørsla med å etterlikna mønstra til William Morris. Tapetane er trykte for hand, men når ein kjem nær inntil vil ein sjå at mønstra er bygde opp av ord og tekstar som ofte er både grove og samfunnskritiske. Ei spenning oppstår mellom den på avstand tiltalende overflata og frustrasjonane og aggressjonane som tekstan vitnar om. Til «Tingenes tilstand» har han skapt eit mønster som byggjer på drakar, eit felles motiv i norsk og kinesisk formhistorie.

Gruppemedlemmene har ofte ulik bakgrunn. Revolution on Request består av ein gullsmed/bildekunstnar, ein arkitekt, ein bildekunstnar og ein grafisk designer; Uglycute av to bildekunstnarar, ein interiorarkitekt og ein arkitekt, medan Idiots sine tre medlem har bakgrunn i mote, design, kunsthandverk og bildekunst. To av gruppene hadde gjort sjølv forholdet mellom medlemmene og individet i forhold til det kollektive, til eit omdreいingspunkt i bidraga sine. Temp, som er ei norsk gruppe med bakgrunn frå keramikk i Bergen, hadde i «Temptation Island» kasta på skrothaugen alt frå designklassikarar til billege, masseproduserte servisedelar og eigne unike kunstobjekt. Til saman dannar dette eit gigantisk fjell av potteskå. Monument eller anti-monument? Hylling eller protest? Eit oppgjer med livet som keramikar til fordel for kva? Igjen eit tvetydig verk, som samstundes representerer ei opphopinga av kollektiv og individuell historie.

WeWorkInAFragileMaterial er ei svensk gruppe med 10 medlem som alle i si tid studerte glas og keramikk på Konstfack i Stockholm. Bidraget deira til utstillinga bygde på ein workshop dei gjennomførte 10.–12. mars i vår på hytta Eagles Nest. Dei frakta med seg 300 kg leire og ved og mat



Kin-Wah Tsang:
«Dragon/Jormungand/Serpent/Imperiality/Devil/Chinese/Norwegian/Satan/God/Ovaman...», 2006. Skisse til folietekst på utstillingspaviljongens vindauge.

for tre dagar. Workshopen handla om å gi seg over til esoteriske erfaringar og opna for kreative løysingar som kunne oppstå ved å gje slepp på kontroll og gå inn i det ein fryktar og som representerer andre metodar når det gjeld å få kontakt med sitt indre. Målet var å få fram nye svar på spørsmålet: Kva kan ein gjera med leire. På førehand hadde dei studert litteratur om alkymi og kultiske rørsler og mystisisme. På hytta i skogen handla det om å skapa sine eigne ritual og sjå kva gruppedynamikken kunne føra til. Alle måtte velja seg eir personleg stempel basert på ein av dei 72 goetianske demonane. Arbeida skulle ha vore brente som ei hending i vedfyrte ovn på Tulinløkka, for også å gå inn i sin eigen angst for såkalla brun keramikk, men dette blei det ikkje noko av og i siste liten måtte ein ty til brenning hos Torbjørn Kvasbø i Venabygd.

Høgdepunktet på utstillinga er for meg bidraga til nederlandske Idiots. Dei arbeider med utstoppa dyr. I «Ofelia» har dei nyttja ei løve, men bakre del av kroppen endar i ei mengd gullklumper. I Shakespeares drama Hamlet er Ofelia kvinnen som tar sitt eige liv ved å festa eit gullstykke rundt føtene som vekt før ho kastar seg i vatnet. I vår kapitalistiske kultur representerer gullet det fremste målet for arbeid og investering, men naturen (og oftest kunsten) representerer andre verdiar. Like tankevekkjande er det mindre kaninhovudet som har perlebroderde øyro. Det får ein til å tenkja på alle dei eksperiment som blir gjort på dyr for å utvikla nye kosmetiske produkt. Medan vi freistar å gjera oss yngre og penare, lyt dyra døy for å tena våre interesser.

Kin-Wah Tsang: «Uten tittel – Hong Kong». Detalj.



Kin-Wah Tsang: «Uten tittel – Hong Kong», installasjon, silketrykk på papir, 2004, Shanghai. Teksten handler om forholdet mellom Kina og Japan.



Mange kunstnarar er i dag ivrige etter å utviska grensene mellom kunst og design og Tingenes tilstand viser dette. Viss denne strategien lukkast vil kunsten forsvinna i design, og kanskje er det grunnen til at så mykje kunst som ser ut som design er svært tilbakeholden overfor det vi kan kalla god design i meir klassisk tyding, dvs. med omsyn til funksjonelle løysingar og estetisk kvalitet? Sjølv om møblane og tinga er til å bruka ser dei gjerne litt mistilpassa og heimlause ut.

Unnataket er bokhyllene og lesekroken til Uglycute. For også den delen av utstillinga er sidestilt med alle dei andre meir reine kunstobjekta på Tingenes tilstand. I så måte er dette ei utstilling utan hierarkiske markeringar mellom bildekunst, kunsthåndverk og design og mellom bruk og ikkje-bruk. Jamvel utvalet av litteratur på hyllene (gjort av ved kunstnarane som driv Torpedo) er ein likeverdig del av utstillinga.

Kva blir så tidsdiagnosen? At gamle skilje er lite fruktbare har vi hørt før, men her blir det overtydande demonstrert. At konseptkunst har fått ein twilling som heiter konseptdesign, er heller ikkje til å koma bort frå. Men først og fremst blir vi minna om tinga si evne til å formidla holdningar og verdiar. I vikingtida var det på tinglassen ein møttest for å gjennomföra diskusjonar og bli samde om spelereglane. Kanskje kan ei utstilling som dette gjera oss meir merksame på den sosiale rolla ting kan spela i kontakten mellom kulturar og menneske.